

kraftbehovet og sjansane for skader på plogen er da store. Myrdjupna og samansetning av undergrunns materialet må derfor vere kjent før ein går i gang med denne plogen. Vidare har ein fått erfaring for at plogen krev ein traktor med firehjulstrekk og 70 – 80 hk for å vere grei å «handtere». Minimum løftehøgde må vere ca. 1,05 m.

I 1982 vart plogen brukt på 5 felt på til saman 37 dekar.

Økonomi

Etter avtale med Det norske jord- og myrselskap får Trøndelag Myrselskap ein tredjedel av kontingenten frå medlemmene i Trøndelagsfylka.

Søknad om tilskott frå kommunar og fylkeskommunar vart i 1982 omarbeid og sendt via Landbrukskontoret i kvar kommune. Dette ga til saman ei økonomisk støtte frå desse på kr. 11 550, –. For leige

av Ølgod-plogen vart det i 1982 tatt kr. 50, – pr. dekar.

Elles viser ein til særskilt regnskapsoversikt for 1982 basert på revidert regnskap.

Personalsaker

Sekretær og kasserar Rolf Celius varsla på årsmøtet i 1982 frå om at han ønska å slutte i engasjementet.

Styret tok dette ønsket til etterretning og på neste styremøte, 14.4.82 vart konsulent i Det norske jord- og myrselskap Inge Olav Nøvik, Mære engasjert som ny sekretær og kasserar.

Lundamo/Mære 4. mars 1983

Inge Krogstad
formann

Inge Olav Nøvik
sekr./kass.

Årsmøte i Trøndelag Myrselskap

Årsmøtet i Trøndelag Myrselskap vart halde 9. mars på Tingvold Gjestegård, Steinkjer (under Landbruksveka i Nord-Trøndelag).

Møtet vart leia av formann Inge Krogstad.

Sak 1:

Åpning og godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling var skjedd skriftleg til styremedlemmene og ved annonsar i dagspressa og gjennom offentleggjering av program for Landbruksveka i Nord-Trøndelag.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Sak 2:

Årsmelding for 1982.

Årsmeldinga var lagt fram skriftleg og vart lest opp av formannen. Innkjøpet av Ølgod-plogen vart kommentert og styret fikk i oppgave å følgje med i utviklinga av nytt djuppløyingsutstyr.

Årsmeldinga vart elles godkjent utan merknad.

Sak 3:

Regnskap for 1982.

Revidert regnskap, anbefalt godkjent av revisorane, var lagt fram skriftleg og lest opp.

Regnskapet for 1982 vart godkjent med slik tilføyning:

- a) Fylker og kommunar som yter tilskott til Trøndelag Myrselskap blir nemnt med namn og beløp ved offentleggjering i «Jord og Myr.»
- b) Bankinnskott settes på konto med best mogleg renteavkasting.

Sak 4:

Valg

Valgkomitéen sitt skriftlege forslag vart lest opp av formannen. Desse vart valt:

Nye styremedlemmer: Bonde Inge Krogstad, Lundamo, bonde Eivind Nygård, Støren og heradsagronom Einar Øyen, Foslandsosen.

Gjenståande styremedlemmer frå 1982 er: Disponent Arne Grønning, Steinkjer, bonde Johan Hermstad, Rissa og bonde Jon Woll, Verdal.

Varamenn til styret: Bonde Johan Storm-Nielsen, Snåsa, heradsagronom Per Husby, Rissa, bonde Arnt Inge Vognild, Nerskogen, bonde Matias Formo, Skage i Namdalen, bonde Bjørnar Roel, Namdalseid og bonde C. O. Halvas-Svendsen, Aungrenda i Holtålen.

Formann: Bonde Inge Krogstad, Lundamo.

Varaformann: Bonde Eivind Nygård, Støren.

2 revisorar: Tidlegare fylkesagronom Anton Hofstad, Steinkjer, bonde Sigurd Klefstad, Beitstad.

Vararevisor: Bonde Anton Trøgstad, Sparbu.

2 representantar i Det norske jord- og myrselskap: Formann Inge Krogstad og varaformann Eivind Nygård.

Vararepresentant: Styremedlem Einar Øyen.

Representant i Landbruksveka i Trondheim: Varaformann Eivind Nygård.

Vararepresentant: Styremedlem Johan Hermstad.

Valgkomite: Lektor Ivar Mattingsdal, Verdal (formann), fylkesagronom Ola Storhaugen, Lundamo, bonde Fridtjof Mølnvik, Snåsa.

Sak 5: Eventuelt.

a) 80 års jubileet

Under gjennomgang av årsmeldinga vart det peikt på at 1984 er jubileumsår.

Vedtak:

Styret blir gitt fullmakt til å arbeide med 80-års jubileet.

Styret får disponere nødvendige midler til avvikling av jubileet.

b) Valgkomite

Etter forslag frå Arne Grønning vart det gjort følgjande vedtak:

Det tas inn i vedtektene at berre ein av medlemmene i valgkomitéen velges kvart år. 2 sit over for å få kontinuitet i arbeidet.

Etter årsmøtet vart det halde eit foredragsmøte om emnet: Kjøreskader på bæresvak jord. Desse hadde foredrag:

Rolf Celius, SF Kvithamar avd. Mære: Kjøreskader på planter og dyrka jord.

Haakon Raddum, LTI: Mekanisering for grashausting på bæresvak jord.

Møtet var godt besøkt.

Inge Olav Nøvik
(sekr.)

TRØNDELAG MYRSELSKAP
Regnskapsoversikt for 1982

INNTEKTER

Tilskott: Fylke	kr. 3 000, –	
Kommunar	kr. 8 550, –	kr. 11 550, –
Medlemskontingent		kr. 2 406,67
Renter av bankinnskott		kr. 2 784,13
Diverse inntekter (ploegen)		kr. 1 850, –
Sum inntekter		kr. 18 590,80
Driftsunderskott		kr. 3 782,45
Balanse		kr. 22 373,25

UTGIFTER

Kontorutgifter, årsmøte m.m.	kr. 1 488,65	
Kunngjeringer	kr. 1 404, –	
Kontingenter: I.P.S.	kr. 200, –	
Landbruksveka i Trondheim	kr. 100, –	kr. 3 192,65
Innkjøp, fagmøter, opplysning		kr. 19 180,60
Sum utgifter (Balanse)		kr. 22 373,25

BEHALDNINGER

Kassabehaldning	kr. 23,36
Postgirokonto	kr. 5 901,08
Bøndernes Bank A/S	kr. 36 132,13
Sum beholdninger	kr. 42 056,57

Mære, 31.12. 1982
 22.02. 1983

Inge Olav Nøvik
 kasserar

Regnskapet revidert og funne i orden 22.02. 1983

Anton Hofstad *Sigurd Klefstad*
 revisorar

Tilskott til selskapet

Sør-Trøndelag fylke	kr. 3 000, –	Rissa	kr. 500, –
		Fosnes	kr. 1 500, –
<i>Kommunar:</i>		Selbu	kr. 200, –
Trondheim	kr. 1 000, –	Melhus	kr. 500, –
Holtålen	kr. 250, –	Namsskogan	kr. 200, –
Vikna	kr. 200, –	Overhalla	kr. 200, –
Røros	kr. 1 000, –	Osen	kr. 500, –
Verran	kr. 500, –	Klæbu	kr. 500, –
Namsos	kr. 500, –	Roan	kr. 1 000, –